



## GODT SAGT:

Arbeid er bra så lenge ein ikkje gløymer å leva.

## NAMNEDAG

Tysdag 12. juni: Sigfrid, Sigrid, Siri.  
Onsdag 13. juni: Tone, Tonje, Tanja.

## VÊR OG VIND

For det meste pent ver. Skiftande, nordleg frisk bris som aukar til stiv kuling utover onsdag. Enkelte regnbyger i indre strøk.

## STINA I STØÆ:

Eg ser «Puls»-kjendisen slår eit slag for småslossing som folketrim. – Får håpa den trimmen ikkje slår for godt an på utestadane i helga...

# Utstilling om romfolket

**RADØY:** I morgon opnar utstillinga «Folket som vandrer – de ingen vil ha» på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta.



Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

Det er kunstnaren Finn Magnus som har laga utstillinga, som viser grafikk der romfolk (sigøynerar) som tiggjar på gata i Oslo er motiv.

Magnus har vorte kjend med rom-folket og har etter kvart vorte vener med fleire av dei. I ei pressemelding fortel han at han vart åtvare mot å ta kontakt med dei fordi folk meinte at dei var farlege, men hans erfaringar er det motsette.

### Diskriminerte

Nyleg publiserte rapportar viser at rom-folket er blant dei mest diskriminerte i Europa og har svært dårlege levevilkår.

Magnus seier at han ønskjer å setja søkelys på menneska og den livssituasjonen dei lever under. Mange kjem til Noreg på sommaren og tiggjar på gatene her, medan dei bur i Sør-Europa på vinteren. Men også der lever dei under vanskelege kår.

### Utvandring

Vestnorsk utvandringssenter har tidlegare og sett fokus på romfolket.

Utstillinga opnar onsdag kveld, og til opninga kjem Torgeir Skogen frå Universitet i Bergen for å halda foredraget «Kampen mot nomadene: Om rom-folk og moderne samfunn».

Også kunstnaren Finn Magnus vil vera til stades og fortelja om møtet sitt med rom-folket.

Utstillinga skal stå på Sletta til 30. august.



**TIGGARAR:** Dette er eitt av bilda som skal utstillast på Sletta.

## PONDUS



## NOROM BRUNÆ

**Kva er det beste du kan ete om sommaren?**



**Håkon Dalseng**  
– Det må være marinert og grilla indrefilet av hjort.



**Mohammed Awadallah**  
– Eg er ikkje heilt sikker, men sterk grillmat er godt.



**Kim Dalvang**  
– Ein svær hamburger med litt salat og hamburgerdressing.



**Jenny Marie Nesse**  
– Ei solid ostepølse med iskald ketchup.

**Strilen**  
Vakttelefon  
**97 15 10 20**